

Forskrift om skule og feriedagar 2025-2026 i Bremanger kommune

Heimel: Fastsett av kommunestyret 17. desember 2024 med heimel i lov 9. juni. 2023 nr. 30 om grunnskolen og den vidaregåande opplæringa (opplæringslova) § 14-2 andre ledd.

§ 1 Føremål og verkeområde

Forskrifta gjev informasjon om kva skule- og feriedagar elevane har skuleåret 2025-2026. Elevane har rett og plikt til å møte på dei fastsette skuledagane.

Forskrifta gjeld for elevar ved alle grunnskulane i Bremanger kommune skuleåret 2025-2026.

§ 2 Skule – og feriedagar skuleåret 2025-2026:

Tabell for skuleruta:

Månader:	Hending:	Tal skuledagar:
AUGUST	Første skuledag 18. august	10 dagar
SEPTEMBER		22 dagar
OKTOBER	Haustferie: 6. – 10. oktober	18 dagar
NOVEMBER		20 dagar
DESEMBER	Juleferie: 22. desember – 2. januar	15 dagar
JANUAR	Første skuledag etter jul 5. januar	20 dagar
FEBRUAR	Vinterferie: 16. – 20. februar	15 dagar
MARS	Påskeferie: 30. mars – 6. april	20 dagar
APRIL	Første skuledag etter påske 7. april	18 dagar
MAI	Elevfrie dagar: <ul style="list-style-type: none">• 1. mai: offentlig høgtidsdag• 14. mai: Kristi Himmelfartsdag• 15. mai: fri• 25. mai: 2. Pinsedag	17 dagar
JUNI	Siste skuledag: 19. juni	15 dagar
SUM		190 dagar

§ 3 Lokale variasjonar

Skulane kan gjere unntak frå § 2 om skule- og feriedagar i særlege tilfelle, til dømes grunna skuleturar.

§ 4 Iverksetjing og opphøyr

Denne forskrifta trer i kraft 1. august 2025 og opphøyrer 30. juni 2026.